

Referat frå styremøte nr. 2 - 2017

Dato: 03.02.2017

Tid: kl. 10.00-13.00

Stad: NTNU Ålesund, møterom Ørnetua i 3. etasje i Kunnskapsparken-bygget

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune (gjekk 12.30)

Nestleiar Vebjørn Krogsæter, Haram kommune

Styremedlem Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune (gjekk 12.30)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune

Styremedlem Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune

Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Erlend Krumsvik

Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Andre:

Banksjef Møre Markets Martin H. Skuseth, Sparebanken Møre

Sjeføkonom Inge Furre, Sparebanken Møre

Regionbanksjef Arild Sulebakk, Sparebanken Møre

Forfall:

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune

Styremedlem Marit Larssen, Giske kommune

Referent: Vegard Sperre Austnes

Sak 6/2017: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Det var ingen merknadar til til innkallinga.

To saker vart meldt til eventuelt:

1. Bekymring for tilboda ved sjukehusa i Ålesund og Volda, spesielt ny trussel mot neonatalavdelinga i Ålesund.
2. Bør Sunnmøre Regionråd be næringsministeren og leiinga i Rolls Royce Marine om eit møte pga. varsla kostnadskutt og nedbemanning?

Wenche Solheim takka på vegne av Ørsta kommune Sunnmøre Regionråd for arbeidet med å behalde Lånekassa sitt kontor i Ørsta.

Sak 7/2017: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 16.01.2017 (nr. 1 - 2017)

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Det var ingen merknadar til referatet frå forrige styremøte.

Sak 8/2017: Strategisk næringsplan for Sunnmøre. Ved styremedlem Dag Olav Tennfjord og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Ein heldt fram drøftingane frå forrige styremøte.

Det vart sagt at ein må gå i takt med Region Ålesund-prosjektet og samarbeide på ein god måte. Regionrådet si rolle bør vere å arbeide for rammebetingelsar for prosjekt og næringsliv, og ikkje gå i konkurranse.

Det vart sagt at ein må ha dialog og samarbeid med fylkeskommunen om prosjektet. Dette kan skje ved å invitere fylkespolitikarar til møte med ordførarane i regionrådet, og la ei gruppe av ordførarar halde kontakta vidare.

Det kom forslag om å ta ein studietur til Stavangerregionen, som har lukkast i arbeidet sitt med strategisk næringsplan.

Konklusjonen vart at saka er drøfta, og at styret gir administrasjonen til oppgåve å arrangere studietur til Stavanger 7. mars til 8. mars 2017.

Sak 9/2017: Demokratiprojektet. Ved rådgivar Erlend Krumsvik i Sunnmøre Regionråd

Overordna problemstillingar i prosjektet er knytt til demografisk utvikling, forventa nedgang i offentlege ressurar og teknologiutviklinga si tyding for kommunale tenester.

Formålet med prosjektet er:

1. Utvikle politikerrolla for «fritidspolitikaren».
2. La digitalisering bli ein naturleg arena for medverknad og kommunal organisasjonsutvikling.
3. Legge til rette for betre innovasjonsklima i kommunane.
4. Skape grunnlag for samskaping mellom kommunar og andre samfunnsaktørar.
5. Auke tillit mellom offentleg sektor og samfunnet for øvrig.

Prosjektet skal tilføre kommunane kompetanse for å auke samfunnet sitt velferdsnivå gjennom eldrebølgja.

Samskaping er når det offentlege og private aktørar løyser samfunnsutfordringar i fellesskap. Komande samfunnsending er at samfunnet blir oppfatta som ein samla ressurs for skaping av velferd, vekst og utvikling. Det offentlege Norge vil få i oppgåve å mobilisere ressursane til samfunnet sitt beste.

Prosjektet skal mogleggjere interkommunal læring gjennom nettverk av lokalpolitikarar, ordførarnettverket og rådmannsgruppa. Prosjektet vil nytte prosessmetodikk med kollektiv læring.

Styret tok orienteringa til vitande og følgjer saka vidare. Dei bad om å få presentasjonen tilsendt.

Sak 10/2017: Presentasjon av Møre Markets. Ved banksjef Møre Markets Martin H. Skuseth, regionbanksjef Arild Sulebakk og sjeføkonom Inge Furre, Sparebanken Møre

Presentasjon av Møre Markets var sendt ut til møtet. Dei har kompetanse innan aksjar, renter, valuta og forvaltning. Det har vore dialog med dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd om å få til eit kommuneseminar på 3 timar om dei økonomiske utsiktene for 2017.

Konklusjonen her vart at Møre Markets arbeider vidare med ei skisse om å få til ein konferanse i mars-april 2017. Målgruppa er ordførarar, rådmenn og økonomileiarar.

Sjeføkonom Inge Furre heldt eit innlegg om dei makroøkonomiske utsiktene. Det ligg ikkje an til ein sterk vekst i Norge sin økonomi dei nærmaste 2-3 åra. Oljenedturen har ramma hardt, men ein trur på ein jamn oppgang. Næringslivet i Møre og Romsdal er tilpassingsdyktig og kreativt.

I høve til vidare samarbeid vart det peika på at banken kjenner næringslivet godt gjennom årlege bransjeanalyser. Det vart også drøfta å arrangere ein felles Sunnmørskonferanse mellom kommunar og næringsliv.

Sak 11/2017: Eventuelt

1. Nasjonal faglig retningslinje for kompetanse og kvalitet i nyfødteintensivavdelinger er no på høyring. I forslaget til retningslinje ligg det anbefaling om at det kun skal vere eit sjukehus i kvar helseregion som skal behandle barn som er født før veke 28. Dette medfører ein fare for at neonatalavdelinga ved Ålesund sjukehus kan vert alvorleg svekka.

Styret konkluderte med at styreleiar og dagleg leiar utarbeider eit forslag til fråsegn. Resten av styret vert involvert på epost for godkjenning.

Dagleg leiar viste elles til behov for midlar til medisinteknisk utstyr og bygningsmessig tilrettelegging ved sjukehusa på Sunnmøre.

2. Rolls Royce Marine har varsla kostnads kutta og nedbemanning. Verksemda genererer mykje verdiskaping på Sunnmøre, berre i Haram kommune har dei 700 tilsette. Ein fryktar no at verksemda på Sunnmøre kan bli nedbygd.

Styret konkluderte med at ordførarane i Ålesund, Haram, Hareid og Ulstein snakkar saman og kjem tilbake til styret på epost etter dette. Ein vil be statsministeren møte leiinga i Rolls Royce Marine når dei er her i samband med Haramskonferansen.